

Referat frå styremøte på Sinclair, 5. juni kl. 10.00 – 15.00

Desse møtte: Knut Evensen, Jonny Mathisen, Eirik Kolbjørnshus, Ola Hareland, Frode Rudland og Pål Kjørstad

Forfall: Ellen M. Syse, Gro Arneng, Anne Terningen

Sak 26/2019: Referatsaker

- Styrereferat frå 08.03.2019, godkjent i mailrunde
- Årsmøte i Oppland Bonde og Småbrukarlag i Modum 09.03.2019, Knut møtte. *Årsmøtet var eit fellesarrangement mellom fylkeslaga frå Hedmark, Buskerud og Oppland*
- Årsmøte i Oppland Bondelag i Gausdal 12.03.2019, Jonny møtte
- Årsmøte NSG på Gardermoen 13-14.03.2019, Knut, Jonny, Ellen, Eirik og Frode deltok i tillegg til Gro og Pål. *Greitt årsmøte, stille i ettertid kring Kleppesaka, litt lite engasjement. Undrande på at NSG er defensive i forhold til medlemsutviklinga*
- Møte med FMIN på Lillehammer 03.04.2019, Knut, Jonny og Pål deltok. Greit møte der FMIN stilte med mange tilsette. Men deprimerande i ettertid m.o.t. at Hedmark-modellen vert vald rundt rovviltsaker
- Møte med OB og OBS på Lillehammer 05.04.2019, Jonny og Pål deltok. *Ny/revidert regional forvaltningsplan for rovvilt i Oppland vart diskutert, mailrunder og felles innsending i ettertid*
- Tlf. møte 21.05.2019 med OB og OBS i samband med jordbruksoppjøret, Knut deltok. *Det vart litt støy kring jordbruksoppjøret i forhold til sau bl.a. for at forhandlingsutvalet la fram eit negativt krav i husdyrtilskotet. OSG vil gå nøye i gjennom gangen i jordbruksforhandlingane og spela dette inn til NSG*
- Møte 28.05.2019 med SNO på Hunderfossen, Jonny deltok. *Tema her var ørn, sporhundar og Jonny stilte spørsmål rundt bruken av FKT-midlar til ymse prosjekt. Møtet kom også med kritikk av «freda rovvilt-dagboka» på heimesida vår, noko Jonny blankt av slo.*
- Innspel til utbygging av DNT i Haldorbu. *OSG har sendt innspel, lokal forvaltning er einige med beitenæringa, men det kan virke til at DNT vil bruka makta si for å få utbygginga si i gjennom. Haldorbu har teke kontakt med NSG i saka*
- Grillaksjonar i Oppland. *Dette går sin gang, og NSG ved Anne Grete Stabekk saman med lokalaga har kontroll. Oppland stiller i alle fall med mange grillaksjonar når ein ser det på nasjonalt nivå*
- Stand Stavsmartnan – tema klimarekneskap småfe. *OSG har teke på seg å stilla med stand, som ein landbruksrelatert part, på Stav*
- NM og VM i saueklipping og ullhandtering. *NM-komiteen i 2018 v/lokallaga i Midt-Gudbrandsdalen har kjøpt inn container som lagerplass for scenegolv, grinder og front. Utstyret vert frakta og lånt ut til arrangøren av NM i 2019. Vi har eit hårete mål om å få VM til Norge, og vi reiser til VM i Frankrike i juli for å vera til stades både for å få sjå eit slikt arrangement både som deltakarar på møter og som observatørar i sjølve arrangementet. Oppland Sau og Geit arrangerer ein tur i samband med dette med 27 deltakarar*

Sak 27/2019: Saker frå sist

- Ny revidert avtale med dagleg leiar. Styret gav Knut Evensen tillit til å slutføra avtala med dagleg leiar i tråd med det som vart diskutert på møtet. E-post med spørsmål/kritikk av «dobbeltrolla» til dagleg leiar vart teke opp. Styret viste til denne avtala og bad Knut senda vedkommande eit forklarande svar
- Arbeidsplanen vart gjennomgått:
- Møte m/Hedmark Sau og Geit vart foreslått til 02.08.2019 på Spitsbergsæter m/styremøte i OSG kl. 13.00 og fellesmøte kl. 15.00. Punkter i forhold til samarbeid/samanslutning: geografi, avstandar, regionar, fordeler/ulempar, slagkraft, organisering, engasjement, avl, gjetarhund, radiobjøllelag m.m.
- Kompetansekravet i forhold til ny forskrift, kven tek initiativet, Landbruksrådgjeving, NSG, fagлага. Kva med utdanning erfaring frå før? Kva med tidsfrist og KSL? Styret undersøker dette til neste møte
- Beste lokallag, mål om auka aktivitet i lokallaga. Vi skal sende ut kriteria til lokallaga, og på årsmøtet skal det delast ut synlege premiar
- Powerpoint med informasjon frå OSG skal lagast, både på sauavl, gjetarhund, geit og utmark/rovvilt. Vi treng ein mal. Skal vi bruka NSG-malen eller skal vi ha eige OSG-mal? Vi kontaktar Urda Blichfeldt om dette
- Rekruttering. Kanskje vi skal ha ein presentasjon av Oppland Sau og Geit på Valle?
- Knut Evensen skal ha tilgang som redaktør på heimesida
- Regionmøter: Vi skal ved neste samling ha 4 regionmøter: Otta, Øyer, Fagernes, Lygna
- Kåringar – ønskje om datoar
- Skolere lokallagsleiarar som koordinatorar og hjelpemannskap til rovvilterstatning
- Valg/valgkomite/instruks, Pål sett opp eit utkast til diskusjon og vedtak i styret
- Kontaktpersonar frå styret til lokallaga, styremedlemmane gjekk kvar og ein i gjennom kva og kor mykje kontakt dei hadde hatt med lokallaga «sine» i møtet

Sak 28/2019: Rovviltsaker

- Jonny orienterte:
- Ulven som var observert på Biri. Dette var nok ein «udokumentert» synsobservasjon, men likefullt er slike observasjonar viktige å melda om – da det likegjerne kunne vera ulv. Wenche Rustad Wangen har teke tak og informert lokallaga i området
- Rovviltutvalget i Oppland Sau og Geit fungerer og saman m/OB og OBS sine tillitsvalde i rovviltrelaterte saker skal vi vera så godt skodd som råd er
- Dokumenterte observasjonar av bjørn i Ringebu, Sør-Fron og på Ringsaker følges opp
- Dokumenterte skader av kongeørn i Nordre Land, Nord-Fron og Lesja bekymrar og er vanskeleg å ta tak i. Beitenæringa sliter, og noko fellingsløyve sit langt inne og få
- SMS-varslinga har vi enda ikkje fått på stell etter FMIN vart etablert. Dei vil berre melda om ulvesaker og andre større hendingar. Det har vore kontakt med SNO, men det er enda uavklart om dei vil gje oss melding i alle skadesakene. Vi må ta tak sjølve og orientera ut til alle våre egne om å varsle frå og leggja alt vi får ut på rovviltsida vår – ansvar lokallagsleiarar/rovviltutvalget. OBS har kalla inn til møte om SMS-varsling 11.06.2019, Knut møter

Sak 29/2019: Geitesaker

- Ingen saker å melda om

Sak 30/2019: Saker frå Ring 41/avlсутvalget

- Ola orienterte:
- Styremøte i Ring 41 vert halde den 10.06.2019, her vil bl.a. saker til avlsrådsmøte seinare bli teke opp
- Eller vart tema som ringmedlemmer/avlсbuskapar, medlemsavtale, eksklusjonsgrunnar, dommarsamling og genomisk seleksjon teke opp og diskutert

Sak 31/2019: Gjetarhundsaker

- Eirik orienterte:
- Årsmøte valde som kjent berre sekretær, men på ekstraordinært årsmøte på Lillehammer 04.04.2019 vart OGL einige i at lokallagsleiarane i Oppland danna fylkestyret, og at leiarrolla skulle rullera mellom lokallaga/regionane
- Fylkestyret ser dermed slik ut i 2019: Endre Amundgård/Nord-Gudbrandsdal – leiar, Jane Aaslund/Toten – sekretær, Eirik Kolbjørnshus/Valdres – styremedlem, Tor Romsås/Midt-Gudbrandsdal – styremedlem, Helge Nordlien/Sør-Gudbrandsdal – styremedlem og Egil Lomsdalen/Hadeland – styremedlem
- Oppland skal arrangere 3 temakvelder i regi av NSG v/Ken Lunn
- Klubbkampen 2019 skal gå i Sør-Gudbrandsdalen
- FM skal gå på Toten
- NM m/13 ekvipasjar frå Oppland skal gå i Alvdal

Sak 32/2019: Jordbruksoppgjøret 2019/20

- Jordbruksoppgjøret; det vert referert til e-poster frå Pål og korrespondansar i styret i OSG i mellom, innspel til OB og OBS, telefonmøte med Trond, Kristina og Knut. Styret i OSG er frustrert over at engasjementet i jordbruksoppgjøret både frå sentralt, frå fylker og medlemmer er såpass lite
- Styret i OSG syntes at kravet var overraskande ved at ein tok ut midlar frå husdyrtilskotet ved å senke satsen og økte satsen på utmarksbeitetilskotet da ein vel var nokså sikker på at å auka utmarksbeitetilskotet i den storleiken var dødfødt. Faglaga på fylkesplan ser tafatte ut når dei argumenterer for det dei får beskjed om frå sentralt hald. Sauen er taparen frå før, og vart ein enda større tapar i dette oppgjøret, sjølv om Staten tenkte og fekk landa oppgjøret litt meire balansert. OSG vil senda eit brev til NSG angående dette om korleis vi skal engasjere oss i og ha ein strategiplan rundt dette i framtida, at vi skal engasjerte oss meire, ha eit mål om større sikkerhet på kva som kjem på småfesida frå forhandlingsutvalet, snakka med kvarandre i organisasjonen på alle plan for å ha ei brei einigheit om kva vi meiner og står for. Styret i OSG vil også ta dette opp på Representantskapsmøte NSG oktober.

Sak 33/2019: Arbeidet i OSG utad

- OSG må vera meire synleg som organisasjon! Det vert gjort så mykje bra i styret, men medlemmene veit ikkje kva som vert gjort. Korleis skal vi bli meire synlege? Styret i OSG vil starta ei Facebook-gruppe, Knut tok på seg å starta den. Vidare skal vi få laga powerpoint som nemnt i sak 27/2019. I tillegg må vi auka bruken av heimesida ved bl.a. å visa til den i Facebook-innlegg, og leggja fleire saker ut der generelt. Vi må også syna oss meire i media med positive reportasjar, som t.d. positive saker frå beitesongen. Aktive lokallag som Fåvang og Nordre Land kan gjerne bidra her

Sak 34/2019: Oppland Radiobjøllelag

- Pål orienterte:
- Vedtak på FKT-midler på kr. 425.000,- og tilskot til tiltak i beiteområder med kr. 320.000,- for innkjøp av elektronisk overvåkingsutstyr i Oppland
- Det vert innkjøpt omlag 950 Telespor-einingar og 150 Findmy-einingar, i tillegg ser det ut til at vi må bytte omlag 300 Telespor-einingar og 100 Findmy-einingar
- 3 lammetapsprosjekter er aktive i 2019: Sør-Aurdal m/140 telesporsendarar på lam, Øyer med 300 telesporsendarar på lam/30 FMS m/stressvarsjar på søyer og Fron m/400 telesporsendarar på lam, inkludert planlagt kadaverhundsøk. Jonny Mathisen og Pål Kjørstad er delaktige i både etablering og delvis litt drift av prosjekta
- 2019 vart eit svært vanskeleg år ved at Telespor hadde hatt problem med dei nye oransje radiobjøllene og kom seint i gang med produksjonen, og Findmy fekk også store utfordringar med å skaffe nok einingar til å dekke dei som var defekte

Sak 35/2019: Søknad om støtte til jubileumbok frå Fåvang Sau og Geit

Fåvang Sau & Geit er i 2019 70 år. Dette skal markeras med bla. jubileumsfest på Tromsvang laurdag 26. oktober, og det skal gis ut jubileumbok med historia til Fåvang Sau & Geit. Boka skal også ta for seg utstillingar av sau og geit på Fåvang sidan 1930 talet. Fåvang Sau og Geit søker OSG om støtte til dette arbeidet.

Vedtak: Styret i OSG gjev Fåvang Sau og Geit støtte til å gje ut boka med kr. 2.500,-

Sak 36/2019: Møteplan 2019/20

Bruke kalenderen aktivt på nettsida, også med alle andre møter.

Styremøte/arrangement sommaren 2019 etter behov

Styremøte 2. august 2019

Styremøte okt/nov 2019

Region/leiar møte januar 2019 på 4 stadar

Styremøte januar 2020

Årsmøte 22.02.2020 – Øyer, Scandic Hafjell

Sak 37/2019: Eventuelt

1. Eirik Kolbjørnshus ordnar med blomehelsing frå styret i OSG til Gro m/familie i anledning fødselen
2. Ellen M. Syse er vald som varasekretær for Pål Kjørstad i arbeidsåret 2019/20 dersom Pål har forfall. Det er eit punkt i arbeidsavtala mellom OSG og dagleg leiar at slik skal velgjast kvart år
3. Ellen M. Syse reiser på møte i Nortura på Otta den 07.06.2019 angående trusselen om å leggja ned anlegget
4. Viser til uro kring beiteslepp i Snertingdal ved at datoar er bestemt for beiteslepp der enkeltbrukarar vert uthengt. Styret i OSG går for at beitebrukarane sjølve må få bestemma dato for slepping da det er dei som er fagfolk og i utgangpunktet har ansvaret for dyra sine. Vidare vil styret uttrykka at dei har full tillit til beitebrukarane, og ser det også slik at der beitelaga fungerer godt, kan gjerne avgjerda gjerast i beitelaget

Kvam 05.06.2019

Pål Kjørstad, sekretær